



Bjørn Rolland
Rødlandshaugen 30
5286 HAUS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/2304 - 23/19106

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
31.08.2023

48/7 Rødland - Stadfesting av tidlegare vedtak om deling

Saka gjeld sak med journalnummer 46/87 frådeling av parsell på 1500 m² frå gnr. 48 bnr. 7.

Søknad om deling kom inn til kommunen 11.06.1987.

Osterøy bygningsråd godkjende frådelinga i vedtak av 05.11.1987 sak.nr. 231/87.

Fylkeslandbrukskontoret i Hordaland godkjende frådelinga i vedtak av 11.12.1987 reg.nr. 715/87.

Eigar av gnr. 48 bnr. 7 stadfestar i erklæring av 11.06.2023 at vedtaket frå 1987 vert oppretthalde og at frådelinga av parsellen kan fullførast.

På førespurnad frå kommunen har eigar og representant for kjøpar skrive at den nye parsellen ikkje skal nyttast til bustadtomt, men som utmark.

Kommunen syner elles til samtale med partane og dokument mottekne 14.06.2023 og 24.08.2023.

Vurdering

Dokumenta i saka syner at søknad om deling motteken 11.06.1987 vart handsama og at det vart gjeve løyve til frådeling av ein parsell på 1500 m².

Vidare vart det halde kart- og delingsforretning, og utarbeidd målebrev 01.09.1988. Målebrevet vart ikkje send til tinglysing, og dette var eit brot på delingslova § 4-2, 1. ledd.

Når det gjeld vilkåra i vedtaket legg kommunen til grunn at vilkår nr. 1 er oppfylt, jf.

Fylkeslandbrukskontoret i Hordaland sitt vedtak av 11.12.1987 reg.nr. 715/87. Kommunen vurderer vidare at sidan den nye eigedomen skal nyttast til utmark, og ikkje til bustadtomt, fell vilkår nr. 2 i vedtak bort.

Kommunen vurderer at vedtak om frådeling av 05.11.1987 sak.nr. 231/87 framleis er aktuelt og difor kan gjennomførast.

Vedtak

Kommunen stadfestar at vedtak om frådelinga i vedtak av 05.11.1987 sak.nr. 231/87 framleis gjeld, på følgjande vilkår:

- Ny grunneigedom skal nyttast til utmark.

- Eventuell rett til tilkomst over annan eigedom må sikrast ved tinglyst dokument.

Saka vert send til avdeling for kart og oppmåling i Osterøy kommune for vidare handsaming.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakar:

Bjørn Rolland
Marianne Normann

Rødlandshaugen 30
Åsgardane 262

5286
5282

HAUS
LONEVÅG